
Saksnr: 2021/2254-5
Saksbehandlar Ida-Beate Mølmesdal
Dato: 19.02.2021

Til: Hovudutval for næring
Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesrådmannen

Informasjon om klimaplanprosessen - hovudutvala

Samandrag


Arbeidet med å utarbeide ein ny regional plan for klima har starta opp, og denne referatsaka er meint som informasjon til hovudutvala om at dette er i gang. Regional plan for klima er ein sektorovergripande plan, og fylkesutvalet har hovudansvaret. Den vil samstundes vere naturleg at klimaplanen inkluderer tema som dei ulike hovudutvala har som ansvarsområde.

Bakgrunn for arbeidet

Fylkeskommunen har starta arbeidet med ein regional plan for klima. Planarbeidet skal resultere i ein plan som synleggjer korleis vi i Vestland skal jobbe for å legge klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga. Utviklingsplanen skildrar vidare korleis ein regional planprosess skal gjennomførast, både når det gjeld framdrift, organisering og medverknad.

Planarbeid i Vestland er inndelt i fem hovudfasar:

- **Utarbeiding og høyring av planprogram**
- Utarbeiding av planforslag
- Høyring og offentleg ettersyn
- Vedtaksfase fram til vedtak i fylkestinget
- Gjennomføringsfase



Vi jobbar no med denne fasen

Dette notatet er ei orientering til hovudutvala for å informere om at arbeidet er i gang. Vi vil i hovudsak informere om fyrste fase - *planprogramfasen (fase 1)*. Heile planprosessen vil følgje framdrift som skildra i utviklingsplanen, med vedtak av plan og handlingsprogram innan 2 år. Organiseringa av arbeidet tek utgangspunkt i hovudprinsippa om enkel organisering, bruk av eksisterande organ der mogeleg, samt sikre brei medverknad i sektorovergripande tema. I utviklingsplanen går det fram at oppstartsfasen kan vere enklare organisert enn planfasen.


Krav om planprogram gjeld for alle regionale planar etter PBL. Som eit minimum skal planprogrammet gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Eit planprogram er ei «oppskrift» eller «plan» for planlegginga, både på innhald og prosess. Planprogrammet set rammene for den vidare planprosessen, mellom anna knytt til framdrift, kva tema ein skal konsentrere seg om og kva behov ein har for utgreingar og meir kunnskap. Prosessar for medverknad og forankring skal gå fram av planprogrammet.

Kva er gjort til no?

- Det er etablert ei intern arbeidsgruppe som har som oppgåve å utarbeide planprogrammet. Det er ikkje planlagt omfattande eksterne medverknadsprosessar før planprogrammet er lagt ut på offentlig høyring.
- Det er gjennomført ei enkel evaluering av gjeldande klimaplanar i frå Hordaland og Sogn og Fjordane intern i fylkeskommunen, og saman med Statsforvaltaren. Dette har vore ein arena for å kunne vurdere kva vi har vore gode på, kva vi kan gjere betre, og dialog om vegen vidare.
- Hausten 2020 samarbeida Statsforvaltaren og seksjon for plan, klima og folkehelse om å gjennomføre ei undersøking i kommunane. Vi ønskte m.a. å få svar på om kommunane hadde planar om å utarbeide ny klimaplan, evt. innarbeidd i samfunnsdelen, samt kva tema dei har behov for rettleiing på frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Undersøkinga gav ei oversikt over aktiviteten i kommunane innan klimaarbeidet, samt betre oversikt over tilpassing av fylkeskommunen sin planprosess til kommunane sine prosessar.
- Det er etablert ei eiga [nettside for klimaplanarbeidet](#). Denne sida vil bli oppdatert kontinuerleg etter kvart som planprosessen får meir fastsette rammer og politiske vedtak. Nettsida inkluderer to viktige punkt per i dag:
 - Klimadashbord som gir oversikt over klimagassutsleppa i Vestland, også på kommunenivå. Dette kan vere ein ressurs for kommunane i sitt arbeid.
 - Enkel [spørjeundersøking](#) om kva Vestlandssamfunnet meiner er viktige tema for ein ny klimaplan. Vi oppmodar alle til å fylle inn kva dei meiner er viktige tema. **Del gjerne** med dykkar kontaktar også.

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogrammet

Planprosessen legg den overordna strukturen som er naudsynt for å nå måla i utviklingsplanen. Vi riggar no det grønne lokomotivet. Dei politiske visjonane skal operasjonaliserast, og vi må legge strukturane for å korleis vi skal arbeide med samfunnsutviklinga vidare. Planprogramfasen følgjer denne skissa for framdrift. Fylkesutvalet får utkast til planprogram til handsaming 20. april, og vel då å legge dette ut på høyring.



Hovudutvala vidare i planprosessen

Arbeidet med ein regional plan som skal ta for seg klimautfordringane er relevant for heile Vestlandssamfunnet, og det er ynskjeleg å mellom anna kople på dei ulike råda og Vestland ungdomsutval i prosessen. Regional plan for klima er ein sektorovergripande plan og vert difor handsama av fylkesutvalet. Det er samstundes forventta at klimaplanen vil innehalde plantema som fell inn under dei ulike hovudutvala sitt ansvarsområde. Hovudutvala får inga politisk sak i planprogramfasen, men kan bli involvert i planfasen. Dette er avhengig av kva plantema som vert prioritert i vedteke planprogram, og om desse fell under ansvarsområda som hovudutvala handsamar.